



## Grunnskolar i Møre og Romsdal

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
		2020/6569 - 22616/2023	Jorunn Sølvsberg, 71 28 02 56	28.02.2023

## Innmelding - Skoleskyss for elevar i grunnskolen 2023-2024

### Viktig informasjon

- Orienter elevane om at dei må ta godt vare på skoleskysskortet. Kortet skal nyttas alle åra eleven har rett til fri skoleskyss, både i grunnskole og i vidaregåande skole.
- Skolen registrerer nytt skoleskysskort på elevar som vert innvilga skyssrett for første gong, og registrerer Erstatningskort til elevar som har tapt skysskortet.
- Bruk alltid Google Chrome som nettlesar når du er inne på skoleskyssportalen (skoleskyss.mrfylke.no)
- Ved endring av innmeldarar ved skolen gje beskjed på [skoleskyss@mrfylke.no](mailto:skoleskyss@mrfylke.no)
- Sjekk at skolen sin kontaktinformasjon er rett (tlf, e-post, brukere og postadresse). Dette finn du ved å gå inn på ein elev si bestilling, under Generelt klikk på Skole.

### Tidsfrist 1. mai (for alle punkt)

- Kontroller at timeplanen som er ført inn i portalen til skolen er korrekt.
- Ønskje om endringar i skolen sin timeplan skal vere meldt inn til kontaktperson ved fylkeskommunen innan fristen.
- Kontroll av skolen sin liste for skoleskyss komande skoleår må vere ferdig. Innmeldingar av nye skyssselevar skal vere med på denne lista.
- Orienter fylkeskommunen om endringar dersom elevar får rett til skyss utover dagens transporttilbod til/frå skolen. Døme: nye skyssselevar utanfor dagens ruter.
- Søknad om tilrettelagt skoleskyss som skal vere på plass til skolestart må vere motteken innan tidsfristen. Sjå eige punkt.

Endringar i skolestruktur må meldast til [skoleskyss@mrfylke.no](mailto:skoleskyss@mrfylke.no) snarast.

### Tilrettelagt skoleskyss

Skolen skal årleg legge alle elevar med behov for tilrettelagt skoleskyss inn i skoleskyssportalen. Om eleven har hatt tilrettelagt skoleskyss tidlegare kan de gå inn i årets bestillingsbilde og Endre bestilling - Ny bestilling, endre skoleår, sjekk timeplan og at alle opplysningar stemmer. For elevar som treng ny vurdering på tilrettelegging av skoleskyss må skolen legge ved erklæring frå sakkunnig og anna nødvendig informasjon. Erklæringar som er utgått på dato må fornyast. Avvikande timeplan og hente-/bringestad utanom bustad må kome med i søknaden, skriv merknad/notat evt legg til eit vedlegg med turnus. Alle vedlegg må vere i pdf-format og skal leggst inn i eleven sin søknad i portalen. Denne type dokument skal ikkje sendast med e-post.

Minner om fristen, 1. mai, for å registrere søknadar om tilrettelagt skyss for komande skoleår.

### Kontroll etter oppflytting av skoleskyssliste

Oppflytting av elevar til neste skoleår vert utført av skolen sin kontaktperson på fylkeskommunen i mars/april. Skolen vil få melding når oppflytting er utført.

Skolen må gå grundig gjennom lista for komande skoleår:

- Bruk gjerne desse kollonnevalga ved kontrollen «frå dato», «til dato», «vedtak» «avstand (m)1», «avstand (m)2» og «særskilte behov», «adresse 1 og 2».
- Ved å kontrollere dato vil du sjå om eleven er innmeld med vinterskyss.
- Ved å kontrollere vedtak sjekkar du om eleven har kommunalt vedtak også komande skoleår. Deaktiver søknaden i tilfelle perioden med kommunal skyss er over.
- Adresse 1 og 2, sjekk om elev er registrert med rett adresse eller delt bustad. Sjå eige punkt.
- Særskilte behov, sjekk om elevar med behov for tilrettelegging er meldt inn korrekt, sjå punktet om tilrettelagt skoleskyss
- Ungdomsskolar må melde inn skyssselevar for 8. klasse. Delte barneskolar må melde inn elevar når dei skal flytte til ny lokasjon.
- Legg inn fødselsnummer, telefonnummer og e-post til føresette om dette manglar.

### VIKTIG!

Sjekk at barn som ikkje bur saman med biologiske foreldre er registrert med rett opphaldsadresse og kontaklinformasjon. I tilfelle feil kan du slette føresette og/eller legge til nye. Ver oppmerksom både ved registrering av nye elevar og elevar som alt er på lista. Fjern biologiske foreldre dersom dei ikkje skal motta informasjon/bli kontakta.

Elevar med adressesperre (hemmeleg adresse) skal ikkje registrerast i skoleskyssportalen, ta då kontakt med saksbehandlar på skoleskyss.

### Elevar med Delt bustad

- Klikk av for begge føresette sin adresse sjølv om eleven berre vil ha skyssrett til den eine. Skyss vert godkjent etter avstandsutrekning slik at Tal turar og fakturagrunnlaget blir rett.
- Elevar som får skyss både etter kommunalt vedtak og fylkeskommunalt vedtak må meldast inn med begge deler.
- I tilfelle spesielle omsyn kan det leggest inn notat i notatfeltet.
- Ved nye søknader - legg ved stadfesting om delt bustad, signert av begge føresette.

### Anna

Vedlegg i skoleskyssportalen må vere i pdf-format.

Ikkje skriv sensitiv informasjon i kommentarfelt på skoleskyssportalen.

Kommunale vedtak og tidlegare innsendte stadfestingar om delt bustad, treng ikkje sendast inn på nytt.

Dei aller fleste skolane vil få tilsendt nye skysskort før skolestart, etterbestill på e-post til [fram@mrfylke.no](mailto:fram@mrfylke.no) med kontaktperson, skole, postadresse og tal kort.

Ved behov for endring av skolen sin kontaklinformasjon, skriv til [skoleskyss@mrfylke.no](mailto:skoleskyss@mrfylke.no)